

## Viktige ting om norrønt språk:

**Kasusendingar, ikkje ordstilling, viser kven som gjer kva med kven:**  
*Hundr beit konung = Konung beit hundr.*

### Kasusnamna:

Nominativ 'nemnekasus', vanlegvis subjektskasus.

Akkusativ = "den det går ut over", jf. engelsk *accuse* og det islandske namnet *þolfall* 'tolekasus'.

Dativ jf. isl. *págufall* av verbet *piggja* 'ta imot'. Ofte den som har fordel av handlinga.

Genitiv "eigegenus".

### Samsvarsbøyning / kongruens

*Ungr hundr beit ungan konung.*

### Preposisjonar styrer kasus

*Hér er hestr; um hest; frá hesti; til hests.*

### Verb tek objekt i ulike kasus - sjekk ordboka!

- Flest akkusativ: *Hundr beit konung*
- Dativ: *At kasta steinum.*
- Genitiv: *At sakna hennar.*

Fleirverdige verb:

- Nullverdige: *Rignir*. Ingen nominale ledd knytte til verbet.
- Einverdige: *Konungr sôfr.*
- Toverdige: *Konungr laust skurðgoðit.*
- Treverdige: *Konungr gaf honum grið.*

### Upersonlege konstruksjonar:

- Ofte underforstått subjekt: *Merkja skal dróttinsvikan = Merkja skal [ek] dróttinsvikan.*
- **Visse verb tek aldri subjekt:**
  - o *Mik dreymir 'eg drøymer'*, bokstavleg: '[Noko underforstått] får meg til å drøyme.'
  - o *Mér sýnisk 'Det ser ut som'* / 'Eg tykkjer', bokstavleg: '[Noko underforstått] får det til å sjå slik ut for meg.'

### Konjunktiv:

- Generelt: Om noko "mindre handfast", meir hypotetisk.
  - o Indirekte tale.
  - o Etter *bó at (þótt)* 'sjølv om', og elles i leddsetningar; dei uttrykker etterhald.
  - o Om det hypotetiske. *If I were a rich man, men I was poor.*
- Mest i preteritum; da med i-omlyd i rotvokalen: *Ef ek væri ríkr maðr.*

**Ord som *mön* f. 'man, faks': Mange ordformer med *a* i rota er parallelle i at dei får *q*:**  
Det gjeld med få unntak einstavingsord.

- *mön* f. sg. nom. / akk. (jf. gen. sg. *manar*)
- *lǫnd* n. pl. nom. / akk. (Jf. sg. *land*)
- *svort* adj. f. sg. nom. **og** n. pl. nom. / akk. (Jf. mask. nom. sg. *svartr.*)
- *qll* determinativ f. sg. nom. **og** pl. nom. / akk. (Jf. mask. nom. sg. *allr*)
- *qnnur* determinativ – – – (annarr)  
Fem. sg. ubunden form er ofte lik n. pl. bunden form: (Ei) *svort mûs* er som (alle) *svort hús; qll mûsin* 'heile musa' er som *qll húsin* 'alle husa'; *qll mönin* 'heile mana' er som *qll lǫndin* 'alle landa'; jf. at *søgu* oblik kasus av *saga* f er som *hjortu* N. og A. fleirtal av *hjarta* n.